



FITJAR

Kommunal- og regionaldepartementet
Pb. 8112 Dep

0032 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref:
2008/978-4002/2008

Sakshandsamar:
Atle Tørnes,

Arkivkode:
200

Dato:
02.12.2008

Melding om vedtak/uttale

Vedlagt følger utskrift av sak PS 102/08 – høyring – ny forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning – handsama i Fitjar formannskap 26.11.2008.

Med helsing


Kristin Meland

Rådmannen

Fitjar kommune

Postboks 83, 5418 FITJAR
Telefon: 53458510
Faks:

**SAKSFRAMLEGG****Høyring - ny forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning**

Utval sak	Utval	Møtedato
102/08	Formannskapet	26.11.2008

Vedlegg:

Høyringsbrev frå Kommunal- og Regionaldepartementet dagsett 1 september 2008.

Samandrag:

Fitjar kommune vil gje fråsegn om ovannemnde forskrift. Kommunen meiner det føreliggjande utkastet legg opp til monaleg meir formell og til dels byråkratisk, og dermed kostesam, handsaming av finansporteføljen, men løyser ikkje dei reelle problema, den materielle vurderinga av risiko i finansmarknaden. Kommunen vil difor gå mot forslaget, då me meiner den gjeldande forskrifta er like dekkande som den nye til å løysa dei reelle utfordringane.

Grunna tidsfristen vil saka berre bli handsama i formannskapet.

Bakgrunn:

KRD har sendt eit utkast til ny forskrift om kommunane og fylkeskommunane si finansforvaltning til høyring, med frist 1 desember 2008.

I den såkalla Terrasaka vart fleire kommunar utsett for dårleg rådgjeving i val av plassering av overskotslikviditet eller framtidige kontantstraumar. Grunna kjøp av andeler i dårlege internasjonale finansporteføljer tapte dei store summar, vesentleg meir enn kommunane hadde som disponible midlar.

Departementet ynskte då å laga regelverk som hindrar at slikt skal kunna skje framover, og har presentert vedlagte utkast som svar på denne utfordringa.

Seinare utvikling i internasjonal, og seinare nasjonal finansmarknad har ytterlegare aktualisert behovet for betre retningslinjer.

Saksopplysningar:

Me viser til forskrifta og departementet si saksutgreiing i høyringsbrevet.

Utkastet til føresegn §2 set krav om nytt finansreglement, som skal omfatta forvaltning av kommunen sine midlar og gjeld, herunder:

- a) forvaltning av ledig likviditet,
- b) forvaltning av langsiktige finansielle aktiva,
- c) forvaltning gjeldsportefølje og andre finansavtalar.

Reglementet skal vedtakast ein gong kvar valperiode.

I h. t. § 3 skal ein vektleggja:

- * Omsyn til forsvarleg økonomiforvaltning og dekning av løpande betalingsplikter(1.ledd).
- * Det skal innehalda reglar som hindrar kommunen i å ta vesentleg finansiell risiko.

Det skal og leggjast vekt på lav finansiell risiko og høg likviditet. (2.ledd)

- Kommunestyret skal ta stilling til prinsipielle spørsmål om forvaltninga ved fastsetjing av reglementet.(3 ledd)
- Reglementet skal baserast på kommunen sin eigen kunnskap (4 ledd).

I h. t. § 5 skal uavhengig kompetanse vurderer om rammene i kommunen sitt reglementet er i samsvar med kommunelova og denne føresegna.

I h. t. § 6 skal ein rapportera status til kommunestyret minst to gonger om året. Dessutan ein årsrapport ved utgangen av året, som viser utviklinga i løpet av året og status ved årsslutt.

§ 7 inneheld reglar for kva rapporteringa skal innehalda.

I h. t. § 8 skal ein etablera rutiner for vurdering av finansiell risiko, og kommunestyret skal sjå til at dette blir etterlevd. Rutinene skal vurderast av uavhengig kompetanse.

I h. t. § 9 skal ein utarbeide nytt reglement seinast 6 månader etter at forskrifta trer i kraft.

Vurdering:

Utviklinga etter at forskrifta vart sendt til høyring har vist ei katastrofal endring i finansmarknadene på verdsbasis langt ut over det som har vore mogleg å tenkja seg på førehand. Behovet for enkle og klare reglar for finansforvaltning, som og reduserer risiko, har dermed stige dramatisk.

Samstundes ser ein at svært få (ingen?) har vore i stand til å gardera seg mot denne katastrofen, uansett reglement.

Kommunane vil i større eller mindre grad ha ledig likviditet, få kommunar har vesentlege finansielle aktiva, alle kommunar har gjeld og andre finansavtalar. Behovet for regelverk på dei forskjellige underpunkta a – c er dermed ulike.

Rådmannen vurderer forskrifta ut frå ein liten kommune sin ståstad.

Ei normal finansforvaltning i ein liten kommune baserer seg på råd frå kolleger i andre kommunar, långjevarar og andre aktørar i marknaden.

Store kommunar eller små kommunar med store finansaktiva kan ha eigne finansavdelingar med kompetanse, men dette er ikkje hovudregelen i Noreg.

Dei fleste kommunar i Noreg er små, har gjerne litt eller lite finansaktiva, av og til noko ledig likviditet. Nokre har kanskje ein inntektsstraum i form av utbytte frå kraft, eigedomsskatt og liknande. Nokre har oppsamla finansfond gjennom år. Alle har ein gjeldsportefølje, som er utsett for rentesvingingar i marknaden.

Dette prøver ein å forvalta best mogleg, og dei kommunar som har litt midlar har gjerne engasjert ein fast rådgjevar som ein har tillit til, og **må** ha tillit til, noko ein får når kommunen får gode råd over tid. Over tid blir han meir intern og husvarm.....

Kravet i § 3.4 ledd om at reglementet skal baserast på kommunen sin eigen kunnskap er lite tenleg. Kommunestyret har normalt ikkje kompetanse. I små kommunar kan rådmann og/eller økonomisjef ha noko kompetanse, men dette kan aldri bli hovudarbeidet deira, grunna manglande tid. Små kommunar kan heller ikkje tilsetja eigen kompetanse på finansiering i tillegg. Ein kan heller ikkje "shoppa" råd i marknaden.

I Terrasaka vart rådgjevarane husvarme, kommunane hadde tillit til dei, og såg ikkje behovet for korrektiv kompetanse

Me kan ikkje sjå at krava i §§ 3.2 og 8 om krav til uavhengig evaluering av reglement og rutiner for finansiell vurdering reduserer risikoen. Vurdering av **rutinene** er normalt eit spørsmål som bør liggja til kontrollutval og den faste revisoren som i dag.

Det er sjølve **vurderinga** som det er knytt vesentleg risiko til. Og som ein uansett forskrift vil måtta ta dersom ein skal ha ei forvaltning av ein portefølje. Dette bør aldri bli rutine.

Rapporteringsrutinene som det vert lagt opp til medfører mykje arbeid. Krav til rapportering ved behov, på førespurnad frå formannskap eller kommunestyre kan tilsei rapportering innan året, elles kan ein årsrapport vera nok.

Nytt reglement ein gong kvar valperiode er reint byråkrati. Endring i kompetanse eller krav til kompetanse føl ikkje valperioden. Det gjer heller ikkje endringar i marknadstilhøva, eller anna regelverk. Det må vera det reelle behovet for endringar i

reglementet som tilseier endringar, ikkje nytt kommuneval. Og eit nytt vedtak utan vurdering ein gong i valperioden er ikkje tenleg.

Etter rådmannen sitt syn er det orda "tilfredsstillende avkastning" og "vesentlig" i § 3. 2 ledd som er det essensielle i forskrifta. Dette blir i saksutgeiinga på side 7 sagt skal vera (og må sjølv sagt vera) kommunen sitt ansvar.

Begge kriterier må avgjerast ved skjønn, basert på kompetanse og kunnskap i større eller mindre grad. Forskrifta gir ikkje oppskrift på korleis dette skjønnet skal praktiserast.

Og dermed er ein like langt.

Rapportering i etterkant kan aldri reparera feilvurderingar i beslutningsprosessen.

Så lenge det ikkje er klarare kriteriar for dette kan kommunen vera lika tent med den gamle forskrifta. Me trur det blir vanskeleg å laga slike kriteriar. Ein sparar dermed ressursar som elles vil gå med til formelle prosessar etter reglane i den nye forskrifta.

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune vil rå til at den nye forskrifta ikkje blir vedteken, då ho ikkje løyser utfordringane knytt til vurdering av risiko m.m. i ein beslutningsprosess på ein betre måte enn gjeldande forskrift.

Den nye forskrifta stiller og auka krav til formelle prosessar som ikkje synest nødvendige, men som vil kosta meir.

Behandling i Formannskapet - 26.11.2008:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.


Atle Tørnes
Rådmann

